

Molde kommune  
[arealplaner.no](http://arealplaner.no)

## Innspel offentlig ettersyn detaljplan Øverbygda 61, Hjelset

31.01.2025

Vi viser til at planID 202119, detaljregulering for Øverbygda 61, i møte i Hovedutvalg for teknisk, plan, næring og miljø i møte 26.11.2024 er vedtatt lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

Det er planlagt 26 bueiningar fordelt på firemannsbustader, rekkehus og einebustader, med tilhøyrande infrastruktur. Planområdet omfattar 18,4 daa fulldyrka jord. Den øvre delen av planområdet er i gjeldande kommunedelplan avsett til bustadformål. Nedre del av planområdet er avsett til LNF-formål.

Jordvern Møre og Romsdal sende innspel og merknader til oppstartsmelding 22.2.2022. Her vart det peika på at det er feil at matjord blir tatt i bruk til andre formål, at det må satsast på fortetting og transformasjon, at eksisterande dyrka areal i planen må tilbakeførast til LNF, at det trengst ei jordfagleg vurdering og at argument om jordflytting ikkje er relevant.

I planprosessen er det ikkje teke omsyn til våre merknader om at det er feil å bruka matjordsareal til bustader. Tilbakeføring til LNF synest heller ikkje å vera aktuelt.

Ut frå dette har vi no følgjande innspel:

1.Vi meiner framleis, trass i at store delar av planområdet er sett av til bustadformål, at det er feil å bruka god dyrka jord til bustader. Arealet burde tilbakeførast til LNFR ut frå dagens klare nasjonale føringar.

2.Det er positivt at arealet sør for Øverbygdvegen (ca 6 daa) ser ut til å vera tatt ut av planen. Det må sikrast at dette arealet blir tatt i bruk til matproduksjon, gjerne slik at aktive bruk som taper leigejord ved nedbygging i området får tilbud om å kjøpa arealet taksert som dyrkajord. Dette kan setjast som vilkår for godkjenning av reguleringsplanen.

3.Matjord skal ikkje brukast til terrengbehandling og utfylling. Jfr Planbestemmelsar pkt 2-1.3.

4.Det må definerast korleis overskytande matjord skal brukast til matproduksjon. Jfr Planbestemmelsar pkt 2-1.5.

Med helsing

Øystein Solli  
Leiar

Atle Frantzen  
Skr